

# Vedtekter for Bokn Arena

## §1. FORMÅL

Bokn Arena skal nyttast til kroppsøving, idrett og anna kulturell verksemd (musikk, konsertar, div. tilstelningar, utstillingar o.l.)

## §2. BRUKARGRUPPER

1. Dei som treng tilgang til bygget får utlevert brikke (nøkkelfunksjon), som blir koda til ulike abonnement/bruk. Inn- og utlåsing vert registrert, og leiar, IKT-avdelinga vil ha tilgang til logg som viser kven som har låst seg inn og ut.
2. Bokn skule har fortrinnsrett til bruk av hallen i skuletida alle dagar i skuleåret frå kl. 08.00 til 15.00.
3. Idrettslag, organisert idrettsverksemd og musikkorps skal ha fortrinnsrett ved tildeling av treningstid/øvingstid på ettermiddags- og kveldstid, frå kl. 15.00 til 23.00.
4. Andre lokale lag og organisasjonar og enkeltpersonar busett i Bokn kommune, kan leiga hallen dersom det er ledig plass.
5. Lag og foreningar utanfor Bokn kommune kan leiga hallen, dersom brukarkapasiteten ikkje er fylt opp av dei nemnde brukargruppene i pkt. 2-4.
6. Ved store enkeltarrangement (kampar, stemner, turneringar, bingo, basar, konsertar, 17. mai, juleavsl. m.m.) skal dei faste leigetakarane vika.

## §3. UMLEIGEREGLAR

1. Søknad om faste leigetider til trening og kampar skal kvart halvår fremjast skriftleg til leiar. Søknadsfristane er 1. juni og 1. desember.
2. På bakgrunn av søknader fastset leiar timefordelinga i Bokn Arena for kommande halvår.
3. I skuleferiar kan det ikkje påreknast support til utstyr, anlegg etc.
4. Enkeltpersonar kan leiga squashhallen, og nøkkelbrikka blir koda slik at ein får tilgang til hallen. Nøkkelbrikka er gratis, men ved tap av brikke og behov for ny kostar kr. 250,-. Faktura blir tilsendt for kvart halvår til ein seier opp abonnementet, med oppseiingsfrist 01.01 og 01.07. Trening skjer på eige ansvar. Ungdom under 18 må få foreldre/føresette til å signera ut nøkkelbrikka.
5. Tradisjonelle hallidrettar/-aktivitetar, der aktiviteten set særlege krav til oppmerking, hallutstyr etc., skal ha prioritet framfor tradisjonelle uteidrettar eller aktivitetar som ikkje har spesielle krav til hallens oppmerking eller utstyr.
6. Lokale lag og foreningar skal ikkje betala leige for bruk av hallen. Utanbygds lag og foreningar skal betala leige i samsvar med utleigesatsane i §6.
7. Endringar i faste leigeavtalar skal gjerast kjende to veker i forvegen.
8. Leige av hallen inkluderer 5 utleigerom, garderobar med dusjrom, lys, inventar, utstyr. Leigetakarane skal rydda etter seg, leggja til rette for vask og forlata rommet slik det var då dei kom.
9. Leigetakar kan ikkje leiga ut hallen.

## §4. ORDENSREGLAR

1. Det er leigetakers plikt å sjå til at ordensreglane blir fulgde, og å sørga for tilstrekkeleg vakthald. Brot på ordensreglane kan medføre inndragning av tildelt leigetid og medføra ansvar for skader som har oppstått.

2. Oppsett timeplan må fylgjast nøye. Ingen må ta i bruk hallen før den tildelte leigetida. Rigging og rydding inngår i leigetida.
3. Ved arrangement og stemner må leigetakaren sjølv sørge for å hindra ukontrollert trafikk til og frå garderobane. Bokn kommune fråskriv seg eitkvart ansvar for tap av verdisaker.
4. Brukarar av hallen må sjølv sørge for rigging og rydding av utstyr i samband med undervisning, trening, arrangement og stemner. Utstyr og materiell må ikkje fjernast frå hallen. Leigetakars eige utstyr må vera godkjent før det blir tatt i bruk.
5. All bruk av apparat skal foregå under tilsyn og på forsvarleg måte.
6. Det må passast på at dusjar og kranar blir stengde av etter bruk.
7. Fottøy med skarpe hælær, knottar eller piggar er strengt forbode i hallen.
8. Bruk av klister må godkjennast før det blir tatt i bruk. Berre produkt som er godkjende av Bokn kommune for bruk i Bokn Arena kan nyttast.
9. Ballspill i garderobar, korridorar m.m. er ikkje tillatt.
10. Personer påvirka av ulovlege rusmidlar blir viste ut av hallen . Alkohol er kun tillat ved arrangement som tillet dette.
11. Røyking er ikkje tillatt i Bokn Arena.
12. Leigetakaren kan ikkje gjera avtale om reklame i hallen i samband med arrangement og stemner utan å ha innhenta løyve. Den faste reklamen i hallen må ikkje tildekkast.
13. Skade på bygning, inventar og materiell må straks meldast til den som er ansvarleg for utleige.
14. Leigetakar må sjølv sørge for at det ikkje oppheld seg uvedkommande i hallen. Leigetakar som forlet hallen tom, må sjekka at alle vindauge er lukka, dører ut er låste og at alle lys blir slukka.

## §5. ADMINISTRASJON

Dagleg drift av Bokn Arena blir administrert av Bokn kommune. Utleige av Bokn Arena blir administrert av den som er ansvarleg for utleige.

Formannskapet har fullmakt til å justera vedtektene og betalingssatsane.

## §6. UTLEIGESATSAR

(Gjeld ikkje lag og organisasjonar i Bokn kommune)

<b>1. ETASJE</b>	
Heile hallen	Kr. 300,- pr. time
Ein tredjedel av hallen	Kr. 100,- pr. time
Squashhall	Kr. 500,- pr. halvår
Kjøkken	Kr. 500,-
Møterom	Kr. 500,-
<b>2. ETASJE</b>	
Allrom inkl. kjøkken og vask fram til kl. 18:00	Kr. 1.500,-
Allrom inkl. kjøkken og vask døgngleige	Kr. 2.500,-